

**Spennande for Joakim og mor**

26.11.2011

**Big Brother som går føre seg i eit hus i Stockholm er inne i det avgjerande stadium og deltakaren Joakim Myhre Eik frå Uskedalen er med i innspurten som ein av 6. Frå starten var det 20 med i denne høgst spesielle tevlinga og uskedelingen har hevda seg svært godt så langt.**

-Men framfor det som skal skje sundag stillar alle på likt - det vil seie at alle er nominerte. Ein får berre krysse fingrar og håpa på det beste, seier mor Bente Myhre til uskedalen.no

Det beste vil i denne omgangen seia at 22-åringen som jobbar som pleiemedjelpar blir ein av dei 4 som går til finalen. Det er nemleg 2 som går ut sundag.

Av Ola Matti Mathisen